

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Janne Hove Bjørnøy/Kjersti Sandnes
Arkivsaksnr.: 16/3110 - 7

Arkiv: G11

Planlagt behandling:

Hovudutval for helse og velferd

VURDERING AV TIDLEG HEIMEBESØK AV JORDMOR

Bakgrunn

Hovudutval for helse og velferd har bedt etat for helse og velferd vurdere å gi alle fødande tilbod om heimebesøk av jordmor innan utgangen av 2017.

Helsestasjonstenestene i Klepp har ved hjelp av statlege tilskot blitt utvikla og forsterka dei siste åra. Inkludert ekstraløyving inneverande år på kr 900 600,-, fordi rammetilskota blei nytta etter intensjonane, har helsestasjonstenestene med jordmorteneste, familieeining, skulehelseteneste og helsestasjon blitt styrka med kr 4 835 600 over 4 år.

Målet med denne styrkinga er at gravide, barselkvinner, barn, unge og deira familiar skal møta eit tilgjengeleg og fagleg forsvarleg tilbod innanfor helsestasjons- og skulehelseteneste, og at tilbodet har tilstrekkeleg tverrfagleg bemanning, kompetanse og kapasitet til å sikra at innbyggjarane i kommunen har eit helsetilbod av god kvalitet og med låg terskel for å ta kontakt.

I tillegg til auka tilgang til tenestene, blir det i kriteria for tilskotsordninga lagt vekt på å betra tverrfagleg samarbeid i helsestasjonen, auka samarbeid på leiarnivå i kommunen og regelmessig samarbeid med skule, barnehage, foreldreutval, elevråd og andre instansar.

Klepp har nytta styrkingsmidlar til å auka jordmorressursane frå 0,8 årsverk til 2 årsverk. Styrkinga har ført til at vi nå kan tilby jordmortenester i svangerskapsomsorga til alle som ynskjer det. Fastlegane i kommunen er også ein viktig del av denne omsorga og tek sin del av oppfølginga.

Mellom 1. januar og 31. juli 2017 var det registrert 124 gravide som gjekk til kommunal jordmor i Klepp. Av desse var 49 førstegongsfødande og 75 fleirgongsfødande.

Dei fekk til saman 630 konsultasjonar.

I perioden frå 1. april til 20. juli gjennomførde jordmødrene 18 heimebesøk. Dei fleste til førstegongsfødande, men også til fleirgongsfødande med problematisk fødsel eller livssituasjon.

Etter fødsel blir helsesyster den viktigaste personen for vidare oppfølging av mor, barn og familie. I Klepp har målet vore at alle barselkvinner får tilbod om heimebesøk av helsesyster i løpet av 7 – 10 dagar etter fødsel. Dei fleste takkar ja til dette tilbodet, men nokre vel heller å koma til helsestasjonen også til dette første møtet etter fødselen.

Retningslinjer for svangerskaps- og barselomsorga

Kommunen si svangerskaps- og barselomsorg tek utgangspunkt i «Retningslinjer for svangerskapsomsorgen» utgjeve av Helsedirektoratet i 2005 og «Nytt liv og trygg barseltid for familien, Nasjonal faglig retningslinje for barselomsorgen» frå 2014.

Desse nasjonale retningslinjene er fagleg normerande for utøving av tenestene, men dei gir ikkje tenestemottakarane rettigheter.

Det blir i retningslinene for barselomsorga poengtert at ho skal vera «lett tilgjengeleg for brukarane og at den skal vera individuelt tilpassa familien, mora og spedbarnet sine behov.»

«Premissane for ei trygg oppleving av barseltida er samansette. Helse, trivsel, økonomi, bustadforhold, arbeid, utdanning og levemåte vil påverka utfall og meistring. Utfordringar for barselomsorga er å ta omsyn til dei grunnleggjande forutsetningane hos den enkelte familie. Kontinuitet i omsorga er ein føresetnad, og kunnskap om familien gjer det enklare for helsepersonell å tilrettelegga eit tilpassa forløp.»

Vidare seier retningslinene:

«Nødvendige forutsetningar for ei planlagd barselomsorg er:

Seleksjon i svangerskapsomsorga (bidrar til identifisering av ressurser, behov og risikotilstandar hos kvinna for å planlegga ein god fødsel og barseltid) «**Brukermidverknad – Kvalitet – Organisering – Ressursar**»

«Ei iverksetting av anbefalingane i Nasjonal fagleg retningsline for barselomsorgen inneber større merksemd i omsorgen på familiar som får barn. Ei styrking av tilbodet omfattar heimebesøk til alle, forutsigbar oppfølging og konsekvent informasjon til familien.»

Barselomsorga i Klepp

Barselomsorga i Noreg er eit samarbeid mellom spesialisthelsetenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta og er under omlegging, mellom anna med kortare liggetid på sjukehus etter fødsel. Kvinner busett i Klepp kommune har imidlertid framleis tilbod om 3 liggedøgn på kvinneklinikken etter fødsel. Dette skil seg frå andre sjukehus, f.eks Haukeland i Bergen og St. Olavs hospital i Trondheim.

Barselkvinner blir ikkje skrivne ut frå sjukehuset før dei har hatt ein samtale med jordmor der fødselen og opplevinga kvinna har hatt, blir gått igjennom og det er god anledning til å stilla spørsmål og ta opp problem. Kvinner med særst harde fødselar blir også kalla inn til sjukehuset til ein oppfølgingsamtale ei tid etter fødselen.

Det er god kommunikasjon mellom kvinneklinikken og helsestasjonen, og mellom jordmor fastlege og helsesystem. Det er med på å sikra at vi fangar opp mødre/familiar med særlege utfordringar i barseltida.

Dersom liggetida blir korta ned også på vårt sjukehus, vil vi i samarbeid med kvinneklinikken måtte justera den kommunale tenesteytinga til barselkvinnene.

I kap. 5.6 i Nasjonale retningsliner for barselomsorga (2014) blir det anbefalt at jordmor skal gjera eit heimebesøk innan 1-2 døgn etter heimreise frå fødeklinikken. Jordmødrene i Klepp har på bakgrunn av liggetid på sjukehuset og kapasitet i tenesta, starta ein praksis der dei prøver ut heimebesøk til førstegongsfødande og mødre/familiar med spesielle utfordringar. Det er i hovudsak kvinner som har hatt oppfølging av kommunal jordmor i svangerskapet som får tilbodet, fordi fleire studiar viser til at det er av avgjerande betydning for kvaliteten på besøket at det er ei kjend jordmor som kjem heim til familien. Erfaringar frå kommunar som har prøvd dette over fleire år seier at om det er ein ukjend som kjem heim, er det vel så bra at kun helsesystem som skal fylja opp framover kjem.

Helsesystem kjem heim til alle 7-10 dagar etter fødsel, og Klepp helsestasjon har i tillegg eit godt tilbod med open vegetid 4 dagar i veka der også jordmor er til stades.

Fleirgongsfødande blir oppmoda om å koma i open vegetid ein av de første dagane etter heimkomst. Tilbakemeldingane er at dette fungerer godt.

Jordmor sine oppgåver

Jordmødrene på helsestasjonen i Klepp har svangerskapsomsorg som si høgst prioriterte oppgåve. Tidleg innsats i forhold til det ufødde barnet, førebygging av eventuelle følger av mor sin livsstil, fysiske og psykiske helsetilstand, bruk av rusmidlar eller miljøpåverknader er i fokus for arbeidet deira.

I tillegg deltek jordmor i barselgrupper der dei er med på det første av 3 møte for å samtala om fødsel og den første tida etterpå.

Dei bidreg med ammerettleiing og anna rådgjeving i open vegetid saman med helsesyster og dei er med å driva barselreaksjonsgruppe saman med psykologen.

I tillegg begynte dei i april å tilby tidleg heimebesøk til førstegongsføddane dei hadde følgd opp i svangerskap. Etter å ha snakka med andre kommunar med lenger erfaring på området, og spurt fleiregongsføddane om deira behov, er dei kome fram til at det først og fremst er førstegongsføddane som er aktuelle for ordninga. Vi vil heller ikkje kunne handtere ei større gruppe med dei jordmorressursane vi har i dag.

Dersom vi skal utvida tilbodet om heimebesøk til å gjelda alle barselkvinner, vil vi anten måtte opprette ei ny jordmorstilling, eller redusera på tilbodet om svangerskapsomsorg, ammerettleiing og deltaking i open vegetid.

Vurdering

Jordmor si tenesteyting bygger på «Retningslinjer for svangerskapsomsorgen» og «Nytt liv og trygg barseltid for familien».

Desse retningslinjene anbefalar og føreslår mange oppgåver for helsestasjons- og jordmortenesta i kommunen. Klepp har i oppbygging av tenestene tilpassa nivået etter tilgjengelege ressursar og lokale behov.

Kommunal jordmor har begynt å prøva ut tidleg heimebesøk etter fødsel slik retningslinjene tilrår, men sidan vi bur i eit område der liggetida på sjukehuset etter fødsel ennå er forholdsvis lang, og dei fødande også får god oppfølging frå kvinneklinikken, er behovet for denne tenesta ikkje vurdert som svært stor.

Det er teke omsyn til erfaringa frå andre kommunar som seier at det har liten hensikt med heimebesøk av ei ukjend jordmor, derfor går tilbodet bare til dei som har nytta kommunal jordmor til oppfølging i svangerskapet.

Samtalar med mange fleiregongsføddande, der inntrykket er at dei ikkje har behov for eit jordmorbesøk dei første dagane, men heller vil koma til helsestasjonen for å vega barnet, er grunnlaget for at tilbodet først og fremst går til førstegongsføddande.

Kommunen har i dag for lite jordmorressursar til å kunne gå på heimebesøk til alle 240 – 270 som føder i kommunen kvart år. Det er behov for ei auke på minst 1 årsverk for å klara dette. At helsesyster går på heimebesøk i løpet av dei første 7 – 10 dagane etter fødsel, i er ei god, kompensierende ordning.

Det vil også vera logistikkutfordringar dersom alle skal ha besøk. Det er ofte svært kort tid frå melding om fødsel og til eit slikt besøk skal gjennomførast. Det betyr at jordmor i utgangspunktet må setja av godt med ledig tid til å kunne gjennomføra ei slik ordning. Det vil gå ut over tid brukt til svangerskapsoppfølging og rådgjeving på helsestasjonen. Drøyer besøket for lenge, vil det koma i konflikt med helsesyster sitt besøk. Det kan også bli travelt for familiane som skal ta imot fleire.

Oppsummering

Klepp kommune har styrka og utvikla helsestasjonstenestene i takt med tilføring av statlege styrkingsmidlar dei siste åra.

Det er lagt vekt på utvikling av kompetanse og tverrfagleg samarbeid i avdelinga, som har fokus på helsefremming og førebyggjande arbeid.

Avdelinga rettar seg etter anbefalingar og forslag frå Nasjonale faglige retningslinjer for svangerskapsomsorg og barselomsorg i si tenesteyting, og avstemmer innsatsen etter tilgjengelege ressursar og lokale behov.

Jordmortenesta er styrka med 250% i denne prosessen og kan nå tilby oppfølging i svangerskapet til alle som ynskjer det.

Avdelinga begynte i april å prøva ut ordning med at jordmor går på tidleg heimebesøk til førstegongsfødande og fleirgongsfødande med særlege utfordringar, som dei har hatt oppfølging av i svangerskapet. Det er gjennomført for få besøk og har gått for kort tid til at det kan gjerast ei god evaluering av ordninga.

Dersom ordninga med heimebesøk frå jordmor 1 – 3 dagar etter at dei er komne heim frå kvinneklinikken skal utvidast inneverande år til å gjelda alle kvinner som har født, må kommunen anten auka ressursane til jordmortenesta, eller redusera på tilbodet om svangerskapsomsorg og oppfølging til dei mest sårbare etter fødsel.

Innstilling:

Rådmannen foreslår at saka går til hovudutval for helse og velferd med slik tilråding:

1. Kommunen si svangerskaps- og barselomsorg held fram i tråd med føringar gitt i nasjonale retningslinjer.
2. Ordninga med at jordmor går på tidlig heimebesøk til førstegongsfødande, samt fleirgongsfødande med særlege utfordringar held fram.
3. Dagens ordning blir evaluert hausten 2018.

Rådmannen i Klepp 15.08.2017

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.